



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 16.09.2021
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Thea Risøy	KRF	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH til kl.16:00	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
---------------------------	-------	-------

Jon Askeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Thore Helland	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Jon Askeland
Leiv Jan Fosse	SP	Sølvi Gripsgård Knudsen
Hogne Brunborg	AP møtte i sak 102/21 og 103/21	Anne Grete Eide
Jon Vidar Sakseide	KRF	Malin Helene Andvik
Sølvi Vatnøy	KRF	Stian Lavik
Henning Fyllingsnes	H	Nils Marton Aadland
Fridtjof Kampevoll	H	Kenneth Taule Murberg
Kjell Ove Larsen	UAVH	Svein Hagesæter
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marie Morken	SV	Andre Fresvik
Anita Bakken	MDG	Maya Greve
Alexander Helle	R	Hendrik Weber

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Leni Dale-kommunalsjef, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
096/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
097/21	Godkjenning av møteprotokoll
098/21	Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningslinjer
099/21	Årsmelding Alver ungdomsråd 2020-2021
100/21	Overføring av ansvar for arbeidskjøring av TT-brukarar frå fylkeskommunen til kommunane
101/21	Planinitiativ til avklaring - Detaljregulering Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl. PlanID 1263-200103
102/21	Krav om tilbakebetaling av avgifter, Gløde AS
103/21	Sameiget Havnevegen 9 og 11, Gløde AS - Stifting av juridisk eining
104/21	Årsmelding Miljøløftet 2020 til lokalpolitisk behandling
105/21	Økonomiplan 2022 - 2025

106/21	Søknad om fritak frå politiske verv
107/21	Søknad om fritak frå politiske verv
108/21	Søknad om permisjon frå politiske verv
109/21	Søknad om permisjon frå politiske verv
110/21	Melding/orientering til kommunestyret 16.09.2021
111/21	Forskrift om fritak for smittekarantene, Alver kommune, Vestland
112/21	Melding/orientering frå kontrollutvalet
113/21	Forvaltningsrevisjonsrapport: Opplæringslova § 9A
114/21	Val av ungdomsråd
115/21	Spørsmål

096/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Sak 102/21, 103/21, 112/21, 113/21, 099/21 og 114/21 var handsama etter sak 097/21.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

KO- 096/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

097/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

KO- 097/21 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

098/21: Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningslinjer

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner retningslinjene for tilskotsordningar til kultur og idrett, slik dei ligg ved saka.

Eldreråd 30.08.2021:

Handsaming:

Eldrerådet har ingen merknader.

Samrøystes vedteke.

ER- 032/21 utfale:

Eldrerådet har ingen merknader.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.08.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg v/Reidar Knutsen:

RMNF verdset at tiltak retta mot menneske med nedsett funksjonsevne er mellom dei som skal prioriterast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 032/21 uttale:

RMNF verdset at tiltak retta mot menneske med nedsett funksjonsevne er mellom dei som skal prioriterast.

Ungdomsråd 30.08.2021:

Handsaming:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystest vedteke

UR- 033/21 uttale:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 052/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner retningslinene for tilskotsordningar til kultur og idrett, slik dei ligg ved saka.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 098/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner retningslinene for tilskotsordningar til kultur og idrett, slik dei ligg ved saka.

099/21: Årsmelding Alver ungdomsråd 2020-2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga frå Alver ungdomsråd er teke til orientering

Ungdomsråd 30.08.2021:

Handsaming:

Alver ungdomsråd gjekk gjennom punkta dei ynskte å ha med i årsmeldinga. Dei vart samde om at leiar, nestleiar og sekretær for rådet ferdigstiller årsmeldinga før den vert presentert monaleg i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og kommunestyret.

Samrøystes vedteke

UR- 034/21 uttale:

Leiar, nestleiar og sekretær for rådet ferdigstiller årsmeldinga med dei punkt som rådet vart samde om i møtet. Årsmeldinga vert presentert monaleg av leiar eller nestleiar i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og kommunestyret.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.2021:

Handsaming:

Orientering til årsmeldinga v/Edas Kondrotas-nestleiar i Ungdomsrådet
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 053/21 innstilling:

Årsmeldinga frå Alver ungdomsråd er teke til orientering

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Årsmeldinga vart presentert av Elias Brakvatne Vetås frå ungdomsrådet.
Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 099/21 Vedtak:

Årsmeldinga frå Alver ungdomsråd er teke til orientering

100/21: Overføring av ansvar for arbeidskjøring av TT-brukarar frå fylkeskommunen til kommunane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune ber Vestland fylkeskommune halde fram med administrativt og økonomisk ansvar for ordninga med arbeidskjøring av TT-brukarar.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.08.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RMNF- 033/21 uttale:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 31.08.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 023/21 uttale:

Alver kommune ber Vestland fylkeskommune halde fram med administrativt og økonomisk ansvar for ordninga med arbeidskjøring av TT-brukarar.

Alver formannskap 02.09.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 074/21 innstilling:

Alver kommune ber Vestland fylkeskommune halde fram med administrativt og økonomisk ansvar for ordninga med arbeidskjøring av TT-brukarar.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 100/21 Vedtak:

Alver kommune ber Vestland fylkeskommune halde fram med administrativt og økonomisk ansvar for ordninga med arbeidskjøring av TT-brukarar.

101/21: Planinitiativ til avklaring - Detaljregulering Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl. PlanID 1263-200103

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

«Alver kommunestyre stansar, med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for planendring av Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl.»

Alternativ 2:

«Alver kommunestyre stansar ikkje, med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for planendring av Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl.»

Utval for areal, plan og miljø 01.09.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Jogeir Romarheim-Krf:

Rådmannen sitt Alternativ 2:

«Alver kommunestyre stansar ikkje, med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for planendring av Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 127/21 innstilling:

Alver kommunestyre stansar ikkje, med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for planendring av Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Framlegg frå A.Helle-R:

. «Alver kommunestyre vurderer at jordvernet bør vektleggast framfor vidare bustadbygging i dette område, og stansar, med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for planendring av Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl.»

Framlegget fekk 6 røyster (A.Nordlund-SV, S.Toft-V, A.Helle-R, A.Bakken-MDG, M.Morken-SV og L.Johnsen-MDG) og fall

Framlegg frå S.Hauge-AP:

Tillegg: Areal med matjord som kan bli bygd ned som følgje av planendringar skal verta relokalisert med same storleik. Relokaliseringa skal etablerast på eit gardsbruk i drift.

Framlegget vart vedteke med 39 røyster, mot 5 (S.Toft-V, M.Morken-SV, L.Johnsen-MDG, A.Bakken-MDG og A.Nordlund-SV)

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke med 38 røyster, mot 6 røyster (A.Nordlund-SV, S.Toft-V, A.Helle-R, A.Bakken-MDG, M.Morken-SV og L.Johnsen-MDG)

KO- 101/21 Vedtak:

Alver kommunestyre stansar ikkje, med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 andre ledd, privat planinitiativ for planendring av Solbakken del av gbnr. 173/3 mfl.

Areal med matjord som kan bli bygd ned som følgje av planendringar skal verta relokalisert med same storleik. Relokaliseringa skal etablerast på eit gardsbruk i drift.

102/21: Krav om tilbakebetaling av avgifter, Gløde AS
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommune godkjenner at Gløde AS får tilbakebetalt for mykje innbetalt forbruksgebyr, etter ei avrekning basert på faktisk målt forbruk for Gløde sin del. Foreldelsefristen gjeld frå det tidspunktet saka vart tatt opp, dvs tre år tilbake i tid frå 19.12.2019. Det same prinsippet blir lagt til grunn for 2020 og 2021, inntil målesystem er etablert.

Tilbakebetalinga blir dekkja over vatn- og avløpsbudsjettet.»

Alver formannskap 02.09.2021:

Handsaming:

Sølvi Knudsen stilte spm.om habilitet som styremedlem i Gløde AS. Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at S.Knudsen er inhabil i denne saka. Ho deltok difor ikkje under handsaming og røysting av denne saka

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 077/21 innstilling:

«Alver kommune godkjenner at Gløde AS får tilbakebetalt for mykje innbetalt forbruksgebyr, etter ei avrekning basert på faktisk målt forbruk for Gløde sin del. Foreldelsefristen gjeld frå det tidspunktet saka vart tatt opp, dvs tre år tilbake i tid frå 19.12.2019. Det same prinsippet blir lagt til grunn for 2020 og 2021, inntil målesystem er etablert.

Tilbakebetalinga blir dekkja over vatn- og avløpsbudsjettet.»

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Anne Grete Eide stilte spørsmål om sin habilitet som styremedlem i Gløde AS. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at A.G.Eide er ugild i denne saka. Hogne Brunborg møtte som vara.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 102/21 Vedtak:

«Alver kommune godkjenner at Gløde AS får tilbakebetalt for mykje innbetalt forbruksgebyr, etter ei avrekning basert på faktisk målt forbruk for Gløde sin del. Foreldelsefristen gjeld frå det tidspunktet saka vart tatt opp, dvs tre år tilbake i tid frå 19.12.2019. Det same prinsippet blir lagt til grunn for 2020 og 2021, inntil målesystem er etablert.

Tilbakebetalinga blir dekkja over vatn- og avløpsbudsjettet.»

103/21: Sameiget Havnevegen 9 og 11, Gløde AS - Stifting av juridisk eining

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at sameiget Havnevegen 9 og 11 blir oppretta som ei juridisk eining med eige organisasjonsnummer i Foretaksregisteret.

I god tid før stiftingsmøtet skal oppdaterte vedtekter sendast til kommunen for vurdering.

Følgjande representerer kommunen i stiftingsmøtet:

.....

Følgjande representerer kommunen i årsmøtet:

.....

Rådmannen eller den han peiker ut representerer kommunen i styret.

Alver formannskap 02.09.2021:

Handsaming:

Sølvi Knudsen stilte spm.om habilitet som styremedlem i Gløde AS. Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at S.Knudsen er inhabil i denne saka. Ho deltok difor ikkje under handsaming og røysting av denne saka.

Framlegg om at ordførar rep.kommunen til stiftingsmøte og årsmøte.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

FO- 078/21 innstilling:

Kommunestyret godkjenner at sameiget Havnevegen 9 og 11 blir oppretta som ei juridisk eining med eige organisasjonsnummer i Foretaksregisteret.

I god tid før stiftingsmøtet skal oppdaterte vedtekter sendast til kommunen for vurdering.

Følgjande representerer kommunen i stiftingsmøtet:ordførar

Følgjande representerer kommunen i årsmøtet: ordførar

Rådmannen eller den han peiker ut representerer kommunen i styret.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Anne Grete Eide stilte spørsmål om sin habilitet som styremedlem i Gløde AS. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtek om at A.G.Eide er ugild i denne saka. Hogne Brunborg møtte som vara.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 103/21 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at sameiget Havnevegen 9 og 11 blir oppretta som ei juridisk eining med eige organisasjonsnummer i Foretaksregisteret.

I god tid før stiftingsmøtet skal oppdaterte vedtekter sendast til kommunen for vurdering.

Følgjande representerer kommunen i stiftingsmøtet:ordførar

Følgjande representerer kommunen i årsmøtet: ordførar

Rådmannen eller den han peiker ut representerer kommunen i styret.

104/21: Årsmelding Miljøløftet 2020 til lokalpolitisk behandling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering.

Alver formannskap 02.09.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 079/21 innstilling:

Formannskapet tek saka til orientering.

Alver kommunestyre 16.09.2021:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 104/21 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

105/21: Økonomiplan 2022 - 2025**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2022 i samsvar med § 5-4 bevillingsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke.
Oppdatert framlegg til budsjett for 2022 og økonomiplan 2022-2025 med korrekt ramme for rammetilskot og skatt basert på framlegg til statsbudsjettet for 2022 og utgiftsrammer for sektorane inkludert lønns – og prisstigning til 2022-prisnivå vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2021.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2022-2025 og investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevillingsoversikt investering 2A og 2B.
Rådmannen får fullmakt til å justere investeringsbudsjettet for 2022 i samsvar med forventta framdrift på prosjekta som pågår i 2021. Dette betyr at prosjekta som pågår i 2021 som har endra framdrift per 2. tertialrapport vert flytta til 2022 i framlegget til budsjett for 2022 vert fremja i desember 2021. Investeringsbudsjettet vert ikkje prisjustert frå 2021-nivå til 2022-nivå, då det i gjeldande framlegg er lagt til grunn korrekt prisnivå.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 30.08.2021:**Handsaming:****Fellesframlegg v/Reidar Knutsen:**

RMNF ser med stort alvor på den økonomiske stoda for Alver kommune. RMNF meiner at å redusera tenestetilbodet vil gå ut over livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne. RMNF er kjent med at fleire opplever at tenestene allereie ligg på eit minimumsnivå, og RMNF ber kommunen vurdere andre innsparingar og auka inntekter.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 034/21 uttale:

RMNF ser med stort alvor på den økonomiske stoda for Alver kommune. RMNF meiner at å redusera tenestetilbodet vil gå ut over livskvaliteten for menneske med nedsett funksjonsevne. RMNF er kjent med at fleire opplever at tenestene allereie ligg på eit minimumsnivå, og RMNF ber kommunen vurdere andre innsparingar og auka inntekter.

Eldreråd 30.08.2021:**Handsaming:**

Det vart sett fram følgjande merknad:

Eldrerådet ser med stort alvor på den økonomiske situasjonen i Alver kommune, og vil uttrykka sterk uro over føreslegne nedskjeringar i ein storleik på 122 millionar kroner. Slike omfattande nedskjeringar vil gå ut over tenestetilbodet og livskvaliteten til svært mange, ikkje

minst innan eldreomsorga.

Eldrekulla i Alver vil stiga ein god del framover. Eldrerådet registrerer at talet på sjukeheimplassar er redusert dei siste åra, og rådet etterlyser ein strategi gjennom økonomiplanen for å dekkja opp den forventta auken av eldre pleietrengande.

Eldrerådet vil peika på kor viktig det er med eit godt tverrfagleg samarbeid for å gje eit best mogleg tilbod til tenestebrukarane. Rådet vil også framheva den frivillige innsatsen som vert lagt ned på mange område, og ser behovet for at kommunen – gjerne i samarbeid med råd og lag og organisasjonar, utarbeider ein "frivillig-strategi" som set fokus på dette arbeidet.

Møteleiar Jostein Dale sette fram følgjande framlegg:

Alver Eldreråd ynskjer å etablere ein pensjonistpris, «årets pensjonist». Dette vil vera ein stimulans til alt frivilling arbeid for dei eldre og hjelpetrengande i kommunen.

I tillegg vil me søkja om midlar som me vil bruka til å støtta det viktige arbeidet som frivillige, organisasjonar og lag driv i kommunen. Dette kan vera med å minka vantrivnad og einsemd, som det er mykje av i samfunnet no. Dette vert dermed eit helsefremjande tiltak.

Eldrerådet vil føreslå eit årleg beløp på 50 000 kroner.

Felles framlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Jostein Dale sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Eldrerådet kjem med følgjande merknader/innspeil til Økonomiplan 2022-2025:

Eldrerådet ser med stort alvor på den økonomiske situasjonen i Alver kommune, og vil uttrykkja sterk uro over føreslegne nedskjeringar i ein storleik på 122 millionar kroner. Slike omfattande nedskjeringar vil gå ut over tenestetilbodet og livskvaliteten til svært mange, ikkje minst innan eldreomsorga.

Eldrekulla i Alver vil stiga ein god del framover. Eldrerådet registrerer at talet på sjukeheimplassar er redusert dei siste åra, og rådet etterlyser ein strategi gjennom økonomiplanen for å dekkja opp den forventta auken av eldre pleietrengande.

Eldrerådet vil peika på kor viktig det er med eit godt tverrfagleg samarbeid for å gje eit best mogleg tilbod til tenestebrukarane. Rådet vil også framheva den frivillige innsatsen som vert lagt ned på mange område, og ser behovet for at kommunen – gjerne i samarbeid med råd og lag og organisasjonar, utarbeider ein "frivillig-strategi" som set fokus på dette arbeidet.

Alver eldreråd ynskjer å etablere ein pensjonistpris, «årets pensjonist». Dette vil vera ein stimulans til alt frivilling arbeid for dei eldre og hjelpetrengande i kommunen.

I tillegg vil me søkja om midlar som me vil bruka til å støtta det viktige arbeidet som frivillige, organisasjonar og lag driv i kommunen. Dette kan vera med å minka vantrivnad og einsemd, som det er mykje av i samfunnet no. Dette vert dermed eit helsefremjande tiltak.

Eldrerådet vil føreslå eit årleg beløp på 50 000 kroner.

ER- 033/21 uttale:

Eldrerådet ser med stort alvor på den økonomiske situasjonen i Alver kommune, og vil uttrykkja sterk uro over føreslegne nedskjeringar i ein storleik på 122 millionar kroner. Slike omfattande nedskjeringar vil gå ut over tenestetilbodet og livskvaliteten til svært mange, ikkje minst innan eldreomsorga.

Eldrekulla i Alver vil stiga ein god del framover. Eldrerådet registrerer at talet på sjukeheimplassar er redusert dei siste åra, og rådet etterlyser ein strategi gjennom økonomiplanen for å dekkja opp den forventta auken av eldre pleietrengande.

Eldrerådet vil peika på kor viktig det er med eit godt tverrfagleg samarbeid for å gje eit best mogleg tilbod til tenestebrukarane. Rådet vil også framheva den frivillige innsatsen som vert lagt ned på mange område, og ser behovet for at kommunen – gjerne i samarbeid med råd og lag og organisasjonar, utarbeider ein "frivillig-strategi" som set fokus på dette arbeidet.

Alver eldreråd ynskjer å etablere ein pensjonistpris, «årets pensjonist». Dette vil vera ein stimulans til alt frivilling arbeid for dei eldre og hjelpetrengande i kommunen.

I tillegg vil me søkja om midlar som me vil bruka til å støtta det viktige arbeidet som frivillige,

organisasjonar og lag driv i kommunen. Dette kan vera med å minka vantrivnad og einsemd, som det er mykje av i samfunnet no. Dette vert dermed eit helsefremjande tiltak. Eldrerådet vil føreslå eit årleg beløp på 50 000 kroner.

Ungdomsråd 30.08.2021:

Handsaming:

Orientering i saka ved Robert Lorang Hansen

Ungdomsrådet har i hovudsak sett nærare på dei tiltak i økonomiplanen som påverkar born og unge.

Ungdomsrådet er nøgde med at rådmannen sitt framlegg vil avvente å redusere 2 årsverk førebyggjande arbeid stab oppvekst og kultur, slik ungdomsrådet råda til ved handsaming av økonomiplan desember 2020. Ungdomsrådet skulle helst sett at ein tok vekk tiltaket frå lista over moglege tiltak, aller helst auka desse ressursane.

Ungdomsrådet vil følgje opp behandlinga av økonomiplan fram mot endeleg handsaming i desember.

Samrøystes vedteke

UR- 037/21 uttale:

Ungdomsrådet har i hovudsak sett nærare på dei tiltak i økonomiplanen som påverkar born og unge.

Ungdomsrådet er nøgde med at rådmannen sitt framlegg vil avvente å redusere 2 årsverk førebyggjande arbeid stab oppvekst og kultur, slik ungdomsrådet råda til ved handsaming av økonomiplan desember 2020. Ungdomsrådet skulle helst sett at ein tok vekk tiltaket frå lista over moglege tiltak, aller helst auka desse ressursane.

Ungdomsrådet vil følgje opp behandlinga av økonomiplan fram mot endeleg handsaming i desember.

Alver formannskap 02.09.2021:

Handsaming:

Orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun og økonomisjef Janne Sund

Framlegg frå AP, KRF, H og SP ved Ø.Oddekalv-AP:

Saka vert tatt til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 080/21 innstilling:

Saka er tatt til orientering.

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, Ap, KrF, H og Frp ved J.Hellestveit-SP:

Kommunestyret tar økonomiplan for 2022-2025 til orientering med følgjande merknadar:

Kommunestyret ber rådmannen leggje inn midlar til driftsavgiftar med lag og organisasjonar for å ivareta drift av kommunale idrettsanlegg.

Kommunestyret vil prioritere å få på plass ein næringsseier i Alver kommune, og ber rådmannen kome tilbake med forslag til korleis dette kan gjennomførast før budsjettvedtak i desember 2021.

Kommunestyret ber om ein gjennomgang av tal på sjukeheimplassar, omsorgsbustad pluss og andre institusjonsplassar vi har innan helse og omsorg, inkludert kapasitet, kjøp av plassar i andre kommunar og venteliste.

Kommunestyret viser til vedtak om utviklings- og forbedringsprogram i sak 071/20, og ber

rådmannen kome tilbake til formannskapet i neste møte for å orientere om status og framdriftsplan for prosjektet.

Kommunestyret vil prioritere vedlikehald av kyrkjer og kommunale bygg, og ber rådmannen arbeide vidare med eit forslag til å auke vedlikehaldsbudsjettet.

Kommunestyret peikar på viktigheita av å ha merkantile ressursar på skulane, og vil prioritere merkantile ressursar framfor å leggje inn ressursar til stab oppvekst.

Kommunestyret viser til verbalpunkt i budsjettvedtaket frå 2020 om at vi vil arbeida vidare for å redusera kutt i lærarstillingar, og ber rådmannen følgja dette opp i det endelege budsjettforslaget.

Kommunestyret viser til vedtak i sak 078/21, og ber rådmannen arbeide vidare med å finne finansiering til PPT sakshandsamarressurs.

Kommunestyret peikar på viktigheita av lågterskeltilbod i helsetenesta, og ønsker ikkje å redusera opningstida på desse lågterskeltilboda.

Framlegget vart vedteke med 30 røyster, mot 13 (H.Dale-uavh., M.Klementsens-uavh., A.Nordlund-SV, S.Hopland-uavh., A.Bakken-MDG, M.Morken-SV, A.Helle-R, S.Toft-V, M.Færø-uavh., Y.Walaker-uavh., L.Johnsen-MDG, H.Breivik-uavh., K.O.Larsen-uavh.)

Framlegg frå SV, MDG, R og V ved S.Toft-V:

Eigedomskatt (1 promille innført i heile Alver kommune for hytter og bustader, med auke på 1 promille kvart år til 4 promille i 2025)

Ramma for oppvekst vert auka med 12 millioner i 2022.

Auke tal årsverka til fordeling på skulane

Styrke PPT tenesta

Styrke barnevernet

Styrke tilskot til lag og organisasjonar

Ramma for helse, omsorg og pleie vert auka med 8 millioner i 2022.

Styrke jordmortenesta

Styrke helsestasjonene

Styrke Sosialhjelp (barnetrygd)

Styrke Helsesjukepleie

Styrke heimebasert tenester

Ramma for teknisk styrka med 4 millioner

Styrke vedlikehaldet av kommunale bygg og anlegg

Framlegget fekk 6 røyster og fall (A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, A.Bakken-MDG, L.Johnsen-MDG, S.Toft-V og A.Helle-R)

Innstillinga frå formannskapet fekk 6 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., H.Dale-uavh., S.Hopland-uavh., H.Breivik-uavh., Y.Walaker-uavh. og K.O.Larsen-uavh)

KO- 105/21 Vedtak:

Kommunestyret tar økonomiplan for 2022-2025 til orientering med følgjande merknadar:

Kommunestyret ber rådmannen leggje inn midlar til driftsavtalar med lag og organisasjonar for å ivareta drift av kommunale idrettsanlegg.

Kommunestyret vil prioritere å få på plass ein næringssjef i Alver kommune, og ber rådmannen kome tilbake med forslag til korleis dette kan gjennomførast før budsjettvedtak i desember 2021.

Kommunestyret ber om ein gjennomgang av tal på sjukeheimplassar, omsorgsbustad pluss og andre institusjonsplassar vi har innan helse og omsorg, inkludert kapasitet, kjøp av plassar i andre kommunar og venteliste.

Kommunestyret viser til vedtak om utviklings- og forbedringsprogram i sak 071/20, og ber rådmannen kome tilbake til formannskapet i neste møte for å orientere om status og framdriftsplan for prosjektet.

Kommunestyret vil prioritere vedlikehald av kyrkjer og kommunale bygg, og ber rådmannen arbeide vidare med eit forslag til å auke vedlikehaldsbudsjettet.

Kommunestyret peikar på viktigheita av å ha merkantile ressursar på skulane, og vil prioritere merkantile ressursar framfor å leggje inn ressursar til stab oppvekst.

Kommunestyret viser til verbalpunkt i budsjettvedtaket frå 2020 om at vi vil arbeida vidare for å redusera kutt i lærarstillingar, og ber rådmannen følgja dette opp i det endelege budsjettforslaget.

Kommunestyret viser til vedtak i sak 078/21, og ber rådmannen arbeide vidare med å finne finansiering til PPT sakshandsamarressurs.

Kommunestyret peikar på viktigheita av lågterskeltilbod i helsetenesta, og ønsker ikkje å redusera opningstida på desse lågterskeltilboda.

106/21: Søknad om fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Maya Greve innvilges fritak frå alle politiske verv til og med 30.06.22.

Det oppnemnst nytt settemedlem i kommunestyret for MDG, Anita Bakken, frem til og med 30.06.22

Det oppnemnst nytt settemedlem i Utval for næringsutvikling og drift for MDG, Anita Bakken, frem til og med 30.06.22

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda:

Maya Greve blir innvilga fritak frå alle politiske verv til og med 30.06.22.

Det blir oppnemnt nytt settemedlem i Utval for næringsutvikling og drift for MDG, Anita Bakken, til og med 30.06.22.

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 106/21 Vedtak:

Maya Greve blir innvilga fritak frå alle politiske verv til og med 30.06.22.

Det blir oppnemnt nytt settemedlem i Utval for næringsutvikling og drift for MDG, Anita Bakken, til og med 30.06.22.

107/21: Søknad om fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Malin Andvik innvilges fritak frå alle politiske verv til og med 24.12.2021.

Det oppnemnst ikkje nytt medlem i perioden.

For permisjonsperioden blir desse valt:

Kst. leiar Anne Grete Eide

Kst. nestleiar Jogeir Romarheim

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda:

Malin Andvik blir innvilga fritak frå alle politiske verv til og med 24.12.2021.
Som settemedlem til Utval for areal, plan og miljø blir Jon Vidar Sakseide valt i permisjonsperioden.

For permisjonsperioden blir desse valt:

Kst. leiar Anne Grete Eide

Kst. nestleiar Jogeir Romarheim

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 107/21 Vedtak:

Malin Andvik blir innvilga fritak frå alle politiske verv til og med 24.12.2021.
Som settemedlem til utval for areal, plan og miljø blir Jon Vidar Sakseide valt i permisjonsperioden.

For permisjonsperioden blir desse valt:

Kst. leiar Anne Grete Eide

Kst. nestleiar Jogeir Romarheim

108/21: Søknad om permisjon frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Svein Hagesæter innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 1.8.2022.

Som settemedlem i kommunestyret veljas Erlend Nævdal

Som settemedlem i utval for oppvekst, kunnskap og kultur veljas Yngve Walaker

Som settemedlem i Eldrerådet veljas Mabel Johansen

For SU Myking skule oppnemnas ekstra varamedlem:.....

Som representantskapet i Bergen og omland friluftsråd oppnemnas ekstra varamedlem:.....

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda:

Svein Hagesæter blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 1.8.2022.

Som settemedlem i utval for oppvekst, kunnskap og kultur blir Yngve Walaker valt.

Som settemedlem i Eldrerådet blir Mabel Johansen valt.

For SU Myking skule blir ekstra varamedlem valt: Åsmund Karlsen

Til representantskapet i Bergen og omland friluftsråd blir ekstra varamedlem valt: Morten Klementsén

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 108/21 Vedtak:

Svein Hagesæter blir innvilga permisjon frå alle politiske verv til og med 1.8.2022.

Som settemedlem i utval for oppvekst, kunnskap og kultur blir Yngve Walaker valt.

Som settemedlem i Eldrerådet blir Mabel Johansen valt.

For SU Myking skule blir ekstra varamedlem valt: Åsmund Karlsen

Til representantskapet i Bergen og omland friluftsråd blir ekstra varamedlem valt: Morten Klementsén

109/21: Søknad om permisjon frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Nils Marton Aadland innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 7.11.2021.
Det veljas ikkje settemedlem

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda:

Nils Marton Aadland innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 7.11.2021.
Det veljas ikkje settemedlem

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KO- 109/21 Vedtak:

Nils Marton Aadland innvilges permisjon frå alle politiske verv til og med 7.11.2021.
Det veljas ikkje settemedlem

110/21: Melding/orientering til kommunestyret 16.09.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 110/21 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

111/21: Forskrift om fritak for smittekarantene, Alver kommune, Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommunestyre vedtek forskrift om fritak for smittekarantene, gjeldande frå 17.9.21
2. Rådmannen i Alver kommune får fullmakt til å oppheve forskrifta

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 111/21 Vedtak:

1. Alver kommunestyre vedtek forskrift om fritak for smittekarantene, gjeldande frå 17.9.21
2. Rådmannen i Alver kommune får fullmakt til å oppheve forskrifta

112/21: Melding/orientering frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 112/21 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

113/21: Forvaltningsrevisjonsrapport: Opplæringslova § 9A**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be administrasjonen følgje opp tilrådingane. Kontrollutvalet ber om ei skriftleg tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane innan utgangen av 2021.

Alver kommunestyre 16.09.2021:**Handsaming:**

KPMG orienterte til saka.

Kontrollutvalet sitt framlegg med endring:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane. Kommunestyret får ei skriftleg tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane innan utgangen av 2021.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 113/21 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber rådmannen følgje opp tilrådingane. Kommunestyret får ei skriftleg tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane innan utgangen av 2021.

114/21: Val av ungdomsråd**Alver kommunestyre 16.09.2021:****Handsaming:**

Framlegg vart ettersendt 15.09.2021:

Alver Ungdomsråd for perioden 2021-2022

Medlem	Vara
Nordhordland Kristne Grunnskule	
Vianney David Muhindu Pay-Pay	Oscar Wilsgaard Vidner
Radøy Ungdomsskule	
Jens Halland Kruse	Marius Skår Kolås
Meland Ungdomsskule	
**	**
Rosslund Ungdomsskule	
Ingeborg Fonnes Flaten	Anton Ross Engedal
Knarvik Ungdomsskule	
Maya Leknes	Sondre Kleppe Sæbø
Lindås Ungdomsskule	
**	**
Ostereidet Ungdomsskule	
Ine Marie Midtgård	Victoria Teigstad Dyngeland
Danielsen Ungdomsskule Frekhaug	
Madelen Romarheim	Marius Oliver Sturesgaard
VGS	
Frida Fammestad	Victor Haugvik
Camilla Plai Hagsæter	Elias Brakvatne Vetås
Leonie Sophie Thiele	Alexa Beatrice Corfariu
Lag og organisasjonar	
Martine Fjeld	Lucas F. Rambjørg
Martin Taule Måge	Marie Aven
Karoline Fjeld	Edas Kondrotas
Jakob Berger	Johannes Gjerstad

** Meland ungdomsskule og Lindås ungdomsskule fullfører sine val av representantar i veke 39. Framlegg om supplerings av medlem frå Lindås og Meland kjem til kommunestyret 28.10.2021

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KO- 114/21 Vedtak:
Alver Ungdomsråd for perioden 2021-2022**

Medlem	Vara
Nordhordland Kristne Grunnskule	
Vianney David Muhindu Pay-Pay	Oscar Wilsgaard Vidner
Radøy Ungdomsskule	
Jens Halland Kruse	Marius Skår Kolås
Meland Ungdomsskule	
**	**
Rossland Ungdomsskule	
Ingeborg Fonnes Flaten	Anton Ross Engedal
Knarvik Ungdomsskule	
Maya Leknes	Søndre Kleppe Sæbø
Lindås Ungdomsskule	
**	**
Ostereidet Ungdomsskule	
Ine Marie Midtgård	Victoria Teigstad Dyngeland
Danielsen Ungdomsskule Frekhaug	
Madelen Romarheim	Marius Oliver Sturesgaard
VGS	
Frida Fammestad	Victor Haugvik
Camilla Plai Hagsæter	Elias Brakvatne Vetås
Leonie Sophie Thiele	Alexa Beatrice Corfariu
Lag og organisasjonar	
Martine Fjeld	Lucas F. Rambjørg
Martin Taule Måge	Marie Aven
Karoline Fjeld	Edas Kondrotas
Jakob Berger	Johannes Gjerstad

** Meland ungdomsskule og Lindås ungdomsskule fullfører sine val av representantar i veke 39. Framlegg om supplerings av medlem frå Lindås og Meland kjem til kommunestyret 28.10.2021

115/21: Spørsmål

Alver kommunestyre 16.09.2021:

Behandling:

Spørsmål M.Klementsens-Uavh.:

Ordfører, undertegnede har følgende begunnede spørsmål til kommende kommunestyremøte:

Bresvika i tidligere Radøy kommune vart omregulert til byggefelt i 2001, her skulle det byggjes 13 boliger, 11 naust og molo. I Kommunestyret den 11-10-2001 vart en reguleringsplan for Bresvika enstemmig vedtatt i sak 66/01, den såkalla grønne planen (Alver kommune kom med nye begrep i 2020 som omhandler "den grønne og den gule planen"). Men kommunen

legger til grunn at det er en gul plan som er den rettslige plan som er produsert i 2002. Tiltakshaver har spurt i mange år om når denne planen har fått rettsvirkning uten å få ut vedtaket. Om dette skulle være reelt har Bresvika 2 reguleringsplaner for området. Kontrollutvalet i Alver har i mai 2021 hatt saka oppe, der kommunen har redegjort for fleire spørsmål, men det fins framleis viktige ubesvarte spørsmål i denne saka.

Spørsmål 1:

I Kontrollutvalget den 31 Mai i år sa kommuneadvokat Jarle Landås at vedtak 66/01 er ugyldig, er dette tilfelle?

Spørsmål 2:

Kommunen legger til grunn ein gul plan som er totalt forskjellig fra den grønne planen, i hvilket Kommunestyrevedtak finn ein denne? Vi vil gjerne ha vedtaket, med plan og forskrifter fremlagt sammen med svaret.

Spørsmål 3:

Byggefeltet har eit privat VA-anlegg som grunneigar/tiltakshavar eig og driftar, men vi oppfattar at kommunen gir løyver, -og tek gebyr frå bebuarar i feltet, for tilknytning til det private anlegget.

Er dette vanleg og lovleg praksis?

Svar frå rådmann:

Svar på spørsmål 1 og 2:

Vi kan ikkje svare direkte på spørsmål ein og to pga. av søksmålsvarsel.

Det er tidligare Fylkesmann i Hordaland, på bakgrunn av sakshandsaminga i Radøy, som har bestemt kva som gjeld for området. Dette skjedde på som følgje av klagehandsaming.

Svar på spørsmål 3:

I denne saka er det viktig å skilje på avgifter knytt til levering av vatn og avgifter knytt til avløp. Begge deler er i utgangspunktet gebyrbelagt dersom eigedomane er knytt til offentlege anlegg.

Når det gjeld vatn, har Radøy kommune kravd tilknytingsavgift for tilknytning til kommunalt vassverk og krev inn vassavgift. Kommunen leverer vatn frå kommunal leidning til privat stikkleidning i Bresvika. Så lenge innbyggjarane får levert vatn frå offentleg anlegg, skal det betalast avgift for den tenesta. Dette er i tråd med gjeldande regelverk og forskrifter, også i Alver.

Når det gjeld avløp, har Radøy kommune gjeve utsleppsløyve for fellesanlegg i arkivsak 200200067, saksnr. 045/03 datert 31.03.2003. Dette i tråd med vanlege vilkår om at eigedomar i eit regulert felt er seld med rett til veg, vatn og avløp. Regulerte område kan ikkje byggjast ut utan at dette er løyst.

Radøy kommune har ikkje kravd tilknytingsavgift for tilknytning til privat fellesanlegg avløp, og har heller ikkje kravd slamavgift frå innbyggjarane i feltet. Avløpsanlegget i Bresvika består av ein privat slamavskiljar. Huseigarane i Bresvika er ikkje kravd for tilknytingsgebyr eller årsgebyr for avløp, sjølv om det er kommunen som betaler for slamtømminga pr. i dag.

Spørsmål frå M.Klementsens-uavh.:

Ordfører, (rådmann og kommunalsjef for helse og omsorg, Leni Dale) undertegnede har følgende begrunnede spørsmål til det kommende kommunestyremøte. Er klar over at tidsfrist er kort, og vil sekundært be om orientering vedr. nedenstående sak.

Viser til innlegg i lokalavisene om en mann på 96 år, hvor det ble anbefalt og lovet korttids plass etter sykehusopphold. Må si meg rystet, sint og flau på den eldre mannens og

hans pårørendes vegne.

Istedenfor korttidsplass blir det lovet tre tilsyn i døgnet av hjemmesykepleien i mannens eget hjem. Den eldre mannen skulle klare seg så godt han kunne mellom tilsynene. Midt i en pandemi blir den eldre mannen beskyldt for å bruke for mange hansker. Har kommunen et begrenset forbruk på hansker i pandemien?

I tillegg ble boligen til mannen utsatt for brann, og det kan ta uker før han kan flytte tilbake til egen bolig. Hvordan kan kommunen da henvise en 96 år syk beboer, som skal ha tilsyn av hjemmesykepleie tre ganger i døgnet, til campingplass eller hotell?

Hvordan kan en plassere pleietrengende innbyggere i en omsorgsbolig som ikke innehar inventar? Og i tillegg bare gi den pleietrengende 14 dager? Hvor skal denne mannen ta veien når disse 14 dagene er over?

I media uttaler Leni Dale at en må bli bedre på kommunikasjon. At kommunen ikke viste at 96 åringen kom hjem fra sykehuset. Mat ble ikke bestilt.

Hvilken svikt i kommunikasjon er det Leni Dale her henviser til?

- * Er det kommunikasjon mellom sykehus og kommune?
- * Er det kommunikasjonen internt mellom vakter i hjemmesykepleien?
- * Er det kommunikasjonen mellom de forskjellige avdelingene innad i kommunen?

Vi er alle klar over at andelen eldre innbyggere i Alver kommune er økende. Levealder blir høyere som igjen utløser flere pleietrengende på slutten av livet. Dette har vært tema og noe alle i kommunen har vært klar over i mange år, også i de tre forgående kommunene som ble til Alver.

Kan ordfører, rådmann eller Leni Dale fortelle kommunestyret hvilken beredskapsplan kommunen har i slike saker?

Svar frå rådmann:

Rådmann forstår at det er ein vanskeleg situasjon ein innbyggjar i Alver kommune er komen ut for og beklagar at møte med kommunen ikkje vart opplevd på ein god måte.

Tieplikta gjer at vi ikkje kan omtala den konkrete saka. Rådmann vil svare på spørsmåla frå representanten Klementsens på eit generelt grunnlag.

Alver kommune har ikkje eigne beredskaps plasser i leilegheit eller i sjukeheim. Til no har kommunen klart å løyse det for dei få innbyggjarane som har hatt dette behovet.

Viser til innlegg i lokalavisene om en mann på 96 år, hvor det ble anbefalt og lovet korttidsplass etter sykehusopphold. Må si meg rystet, sint og flau på den eldre mannens og hans pårørendes vegne.

Istedenfor korttidsplass blir det lovet tre tilsyn i døgnet av hjemmesykepleien i mannens eget hjem. Den eldre mannen skulle klare seg så godt han kunne mellom tilsynene. Midt i en pandemi blir den eldre mannen beskyldt for å bruke for mange hansker. **Har kommunen et begrenset forbruk på hansker i pandemien?**

Svar:

Det er ikkje avgrensingar på bruk av hanskar i helse og omsorgstenestene. Hanskar vert nytta når det er behov for det ut frå hygieniske prinsipp og basale smittevernrutinar.

Dei som får heimeteneste får den hjelpen dei skal etter individuelt vedtak. I tillegg vil ein få meir hjelp om det oppstår situasjonar som krev det.

*I tillegg ble boligen til mannen utsatt for brann, og det kan ta uker før han kan flytte tilbake til egen bolig. **Hvordan kan kommunen da henvise en 96 år syk beboer, som skal ha tilsyn av hjemmesykepleie tre ganger i døgnet, til campingplass eller hotell?***

Svar:

Ved akutt behov for bustad der innbyggjar ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv kan ein få eit mellombels butilbod gjennom NAV. Tilbodet er gjerne hotell eller campingplass. Kommunen har ikkje eige beredskapshusvære.

For innbyggjarar som i tillegg treng helse- og omsorgshjelp er hotell eller campingplass vanlegvis ikkje eit eigna tilbod. Derfor søker ein primært å løysa dette på anna måte. Eit mellombels butilbod kombinert med helsehjelp vert vurdert individuelt. Det vert samarbeida på tvers av tenesteområda for å finna ei best mogleg løysing for innbyggjar.

Hvordan kan en plassere pleietrengende innbyggere i en omsorgsbolig som ikke innehar inventar? Og i tillegg bare gi den pleietrengende 14 dager? Hvor skal denne mannen ta veien når disse 14 dagene er over?

Svar:

Det er ingen omsorgsbustader i kommunen som vert leigd ut møblert. Omsorgsbustad er ikkje meint som akuttbustad/beredskapsbustad. Søknadsprosessen for omsorgsbustad omhandlar kartlegging av behov, innvilging av vedtak og etablering i bustaden. Vedtak om omsorgsbustad og inngåing av husleige kontrakt er vanlegvis ikkje tidsavgrensa. I dei tilfella kommunen må ta i bruk mellombels butiltak er hjelpebehov alltid førande for val av bu- og omsorgstilbod. Bu- og omsorgstilbod vert ikkje avslutta før ein har funne eit meir varig tilbod for den einskilde.

I media uttaler Leni Dale at en må bli bedre på kommunikasjon. At kommunen ikke viste at 96 åringen kom hjem fra sykehuset. Mat ble ikke bestilt.

Svar: Det er ikkje kommunalsjef som uttaler til avisa at ein må bli bedre på kommunikasjon, men uttaler at det er viktig med god informasjon og dialog undervegs. Hvilken svikt i kommunikasjon er det Leni Dale her henviser til?

** Er det kommunikasjon mellom sykehus og kommune?*

Svar: Helse Bergen HF og kommunane i helseforetakets opptaksområde (mellom anna Alver) har retningsliner for elektronisk kommunikasjon om pasientar sitt hjelpebehov ved inn- og utskriving i sjukehus. Når pasientar vert innlagt sjukehus mottok kommunen elektroniske meldingar frå sjukehuset om pasienten sitt antatte behandlingsforløp, forventta utskrivingssdato samt forventta hjelpebehov og funksjon ved utskriving. Det er kommunen sitt ansvar å ta stilling til kva hjelp pasienten skal få ved utskriving til kommunen, herunder om pasienten treng sjukeheimsopphald.

** Er det kommunikasjonen internt mellom vakter i hjemmesykepleien?*

Svar: Intern kommunikasjon i heimesjukepleien skjer i journalsystemet og ved rapportering mellom vaktskifta.

** Er det kommunikasjonen mellom de forskjellige avdelingene innad i kommunen?*

Svar: Det er kommunikasjon mellom avdelingane ved elektroniske meldingar, telefon og ved samhandlingsmøter. Det er eigne rutiner på dette i internt kvalitetssystem for kommunen.

Vi er alle klar over at andelen eldre innbyggere i Alver kommune er økende. Levealder blir

høyere som igjen utløser flere pleietrengende på slutten av livet. Dette har vært tema og noe alle i kommunen har vært klar over i mange år, også i de tre forgående kommunene som ble til Alver.

Kan ordfører, rådmann eller Leni Dale fortelle kommunestyret hvilken beredskapsplan kommunen har i slike saker?

Svar: NAV, Bustadkontoret og Forvaltningskontoret er opent kvar dag og tek imot henvendingar frå innbyggjarar som treng tenester. Hjelp vert sett i verk ut frå behov og hastegrad. Heimesjukepleien i dei enskilde avdelingane har døgnbemanna telefon og rykkjer ut om det er behov for det. Dette for dei som har teneste og ved utløyst alarm.

Det er ikkje satt av plasser i sjukeheim eller omsorgsbustader til beredskaps plassar. Vanlegvis kjem ein på korttidsopphald i sjukeheim direkte frå sjukehus. Sjukeheimsplassane i Alver vert nytta fullt ut, også ofte med overbelegg i dobbeltrom. Det varierer frå dag til dag på kor mange som vert meld utskrivingsklar frå sjukehus og dermed kor stort behovet er for plassar. Kommunen har ei utbygd heimeteneste og gir omfattande tenester til brukarar i eigen heim innanfor forsvarlege rammer.

«Fronten» av eldrebølga er representert ved innbyggjarar født i 1946. Dette inneber at kommunen vil få ein betydeleg vekst i behovet for tenester mellom om lag 2030 og 2035. Dette er eit av temaene som vert vurdert i arbeidet med kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.